

Norges vassdrags- og energidirektorat,
Postboks 5091, Majorstua
0301 OSLO

Voss, 01.04.2019

Vedr. revisjon av konsesjonsvilkår for bygging av Evanger kraftstasjon. Kgl res. av 04.03.1966.

Om Voss Kajakklubb og Ekstremsportveko

Voss Kajakklubb (VKK) er hovudinteresseorganisasjon for elvepadlarar i indre Hordaland. VKK er eit lokallag til Noregs Padleforbund, og representerer såleis både friluftsinteresser gjennom medlemskap i FRIFO og idretten gjennom sin plassering i NIF paraplyen. Vidare er VKK også deleigar av stiftinga Ekstreme Voss som står for Ekstremsportveko (Veko). Veko byggjer på unike kvalitetar i lokalmiljøet vårt, samstundes appelerer den til ei stor gruppe unge menneske. Arrangementa våre bidrar såleis til utvikling av reiseliv, utvikling av nye verksemder, bulyst og busetnad.

Bakgrunn for innspel til revisjonen

Noreg er velsigna med fantastiske elver, men ein stor del av dei padlebare elvene er for lenge sidan bygd ut. Slike friluftsaktivitetar eksisterte ikkje på Voss då konsesjonsøknaden til Evanger kraftverk vart behandla på 60-talet. Dei siste åra har fleire vakre padlestrekningar måtte vika for kraftproduksjon, og me opplever fortsatt press på det som er att. Høgare minstevassføring og avtalt slepp av vatn kan vere moglege tiltak for å kunne nytte eksisterande utbygde elvetrasear til auka aktivitet, og me ber om at det vert teke med når ein no skal vurdere konsesjonsvilkåra.

Eksingedalsvassdraget og Teigdalsvassdraget, samt koordinering med Steinslands-/Modalsvassdraget

Teigdalselva er ein av "klassikarane" som padlarar valfartar til Voss frå heile verda for. Kråkefossen, også kjend som Double drop, er ein av dei spektakulæra padlebare fossane som dreg padleturistane til Teigdalselva. Men sjølv om dei har sett fossen stor og flott på bileta er det ikkje noko garanti for at dei få oppleva denne elva då den som oftast har for lite vatn til å padlast i. Det finst strekningar lengre opp i elva som også kan vere padlebare også dersom det får renna nok vatn i dei.



Biletet er frå Kråkefossen ein dag då elva endeleg hadde nok vatn.




Lenger opp i Teigdalselva

Tilleggsoverføringane som er planlagde lenger opp vil også føre til mindre vannstand i hovudløpet, og det vil gi færre moglegheiter til padling her som det allereie sjeldan er nok vatn.



Bilete: Tørt elveleie nedafor Voladammen - padlebart?

Ekso er også ei elv med utforming som gir flotte padlestrekningar, men som ofta manglar nok vatn. Under Ekstremsportveko eit år me var heldige med vannstanden fekk eit amerikansk filmselskap produsert fleire spektakulære videoar frå denne elva.



Bilete: Sam Sutton frå New Zealand padlar “Lake to lake drop” i Eksingedalen.



Andy Phillips frå England synfarer ein padlebar foss i Ekso

Bergsdalsvassdraget og overføring av Torfinno

Overføring av Torfinno til Bergsdalsvassdraget har gjort at Torfinno sjeldan kan bli padla. Når det er vatn her er det flotte padlebare stryk og fossar.



Bilete: Padling i Torfinno



Gamle Torfinno, det tørre elveleiet til Valfossen i nasjonalromantiske omgjevnader.

Bergsdalselvi har også nokre heilt fantastisk flotte padlestrekningar når den ei sjeldan gong har nok vatn.

Aktuelle tiltak

Voss Kajakklubb ynskjer å ha dialog om kva som vil vere hensiktsmessig minstevassføring i dei ulike elvene, og evt kor lange og hyppige periodar ein vil trenge slepp av vatn.

Mvh
Voss Kajakklubb,
Silje Paulsen

styret@vosskajakklubb.com
<http://vosskajakklubb.com>